

08.09.2010

**Auke i bruken av Fjelly!**

I vår hadde styret i ungdomslagshytta ei samling ved Fjelly, der det samla seg mange små og store fjellfolk til ei sosial stund.

Grunnen til arrangementet var at vi hadde eit ønskje om at hytta skulle bli meir brukt, av både bygdefolk og andre.

I løpet av året har vi hatt ein markant auke i utleigedøgn i forhold til tidlegare år. I fjor var hytta utleidt tilsaman 15 døgn. Pr. 5 september i år har hytta vore leid ut 25 døgn. Og enno har vi att mange flotte haustdagar i fjellet!

Vi har etter samlinga i vår hatt nokre dugnadstimar på hytta, men det står enno att litt arbeid før vi kan sei at hytta har fått den opp-pussinga den treng. Vi har starta arbeidet med å setja opp panel i sengene i stova, og er komne halvveis i dette arbeidet. Båten har det vore plastra litt på, slik at den no skal vera heilt tett. Marine Harvest har sponsa oss med 5 nye redningsvestar og 5 nye garn.

I løpet av hausten vil vi fullføra arbeidet med sengene i stova i tillegg til at vi vil male veggar og tak.

Vi vil arranger eit fjellsamling til, med servering av betasuppe, og den er pr.d.d. satt opp den 24.oktober. Denne vil vi komma attende til.

Vi håper at interesserte tek kontakt både med tanke på lån av hytta, og om dei ønskjer å hjelpe til med diverse dugnadsarbeid.

Velkommen til fjells!

**Hyttestyret**